

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: måndag 31. januar 2022

Tid: kl. 17.00

Sted: Sveio kommunehus, kommunestyresal

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: *post@kontrollutvalgene.no*

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Saksliste:

1/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.11.21

2/22 Orientering om kommunale selskap – Haugaland brann og redning IKS

3/22 Tinging av forvaltningsrevisjon - prosjektmandat «Planarbeid»

4/22 Revisor sine risiko- og vesentlegvurderinger – forenkla etterlevingskontroll for 2021

5/22 Årsplan for 2022

6/22 Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2021

7/22 Referat- og orienteringssaker 31.01.22

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 24.01.22

Ole Ørjan Hov
leiar (sign.)

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert)
	Varamedlemmer	(til orientering)
	Presse/publikum	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	31.01.22	1/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.11.21

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 22.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 22.11.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 22.11.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt medlemma og kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 24.01.22

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **22. november 2021** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Ole Ørjan Hov.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/ -SLUTT:	kl.17.00 – kl. 18.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Ole Ørjan Hov (MDG), Arne Valen (Sp), Solfrid Aasen (Sp) og Gustav Eidsvåg (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Per S. Wathne (Krf)
FORFALL:	Marit Elise Lier (Ap)
FRÅ SEKRETARIATET:	Dagleg leiar/utvalssekreterær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen via Teams
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Jostein Førre Rektor Lene Lier i sak 23/21
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Linn Therese Erve (Ap)
MERKNADER TIL INNKALLING OG SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 22/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 27.09.21

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 27.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Utvalet hadde ingen merknader protokollen.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 27.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 23/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - REKTOR V/SVEIO BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rektor Lene Lier ved Sveio skule si utgreiing om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Rektor Lene Lier presenterte seg. Ho hadde vore rektor frå 1. september og hadde før vore undervisningsinspektør ved skulen i 5 år.

Skulen har 512 elevar. Dei er 82 tilsette, fordelt på 70 årsverk. Frå nytår vil dei bli delt inn i tre ansvarsområde: barneskulen (289), ungdomsskulen (223) og SFO (60 born, som er ei god auke frå i haust). Ho viste organisasjonskart og uttrykte at ho var nøgd med organiseringa med mellom anna fem teamleiarar. Ho har møter kvar 14. dag med dei tillitsvalde (3 org.) kor arbeids- og inspeksjonsplaner og arbeidstid vert drøfta. Skulen har til vanleg to verneombod.

Prioriterte satsingsområda var a) språk, lesing og skriving, b) inkluderande barnehage- og skolemiljø, c) overgangen mellom barnehage og skule og d) innføring av nytt læreplanverk, fagfornyinga LK 20.

Det hadde vore ein slitsam og krevjande periode med pandemi, då ein ikkje hadde fått jobba så mykje saman. Arbeidet med modulkart skal vere ferdig til jul. Ho viste budsjett- og rekneskapstal for pr. i dag. Tala viste at det ville bli eit meirforbruk pga. auka utgifter til straum, forsikring og fleire enkeltsaker som kravde meir ekstraordinære ressursar enn det ein hadde venta.

Resultata frå dei nasjonale prøvane hadde vore gode og øve landssnitt. På 9. trinn dei siste åra. Sveio har lite fråfall frå vidaregåande. Elevundersøking viste låge tall om mobbing. Ein klasse skilte seg ut og det blei her sett inn tiltak. Skulen har eigen politikontakt som jobbar førebyggande.

Av utfordringar trakk ho fram mellom anna psykisk helse, åtferdsproblem, sosiale mediar, omdømme til skule og rekruttering av lærarar. For framtida blei dette med tidleg innsats, organiseringa av spesialtiltak, betre foreldresamarbeid og informasjonsflyt i organisasjonen nemnd.

Utvalet hadde spørsmål og kommentarar knytte til samarbeid tillitsvalde og verneombod, elevar med mykje fråvær, om skolen sine ressursar og om dei nye skulelokala.

Leiar takka rektor for ein god orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rektor Lene Lier ved Sveio skule si utgreiing om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 24/21 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON OM FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av KPMG sin rapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)» til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Utvalseiar innleia. Etter hans syn hadde rådmannen gjeve ei god tilbakemelding der tilrådingane var følgt opp. Saka kunne dermed bli vidaresendt til kommunestyret.

Etter spørsmål om ny koordinator for forumet opplyste rådmannen at stillinga ville bli lyst ut på ny då vedkommande no har sagt opp.

Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av KPMG sin rapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)» til orientering.

SAK 25/21 INVITASJON TIL FELLES FORVALTNINGSREVISJON – KARMSUND HAVN IKS OG EIGARFORHOLDET TIL KOMMUNALE HAVNER OG KAIANLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Alternativ A

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ønskjer ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval meiner

Alternativ B

Sveio kontroll- og kvalitetsutval deltar i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg med utgangspunkt i utkast til prosjektmandat som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma for prosjektet vert sett til inntil 400 timer. Eigarkommunar som ønskjer å delta i forvaltningsrevisjonen betaler etter si prosentvise eigardel, som for Sveio blir 15 timer.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval har følgjande innspel/tillegg

Handsaming i kontrollutvalet 22.11.21:

Utvalseiar innleia. Han meinte Sveio burde takka nei, og gjorde framlegg om alternativ A. Han viste til gjennomført selskapskontroll i 2018 og Haugesund sin eigarskapskontroll våren 2021.

Rådmannen opplyste at den einaste kaien KH disponerer er bygdekaien i Førde. Når det gjaldt oversyn over andre kommunale kaier viste han til nyleg sak om kommunale eigedommar. Ordførar forklarte skilnad mellom styret og hamneråd. Ho viste til at IKSet er ei stor kommersiell verksemd, men at det i eigarmøte er gjeve signal om at det er ønskje at selskapet også skal ha noko fokus på reiselivssatsing.

Utvalet støtta utvalsleiar sitt framlegg. Utvalet meinte det ikkje var trong for tilbakemelding frå rådmannen, slik Haugesund og Bokn hadde gjort vedtak om, og at siste setning kunne bli stroke.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.11.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ønskjer ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS.

SAK 26/21 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT ELLER EIGARSKAPSKONTROLL I 2022

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om til neste møte på nyåret 2022. Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Utvalsleiar innleia. Han ville, på bakgrunn av at kommunestyret hadde flytta teamet planarbeid inn på den prioriterte lista, gjere framlegg om at utvalet valte dette som eit prosjekt.

Utvalet støtta framlegget og meinte det var viktig å få ein vurdering av om koss kommunen handterer planarbeidet.

Revisor lova å komme tilbake med eit prosjektmandat til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om kommunen sitt planarbeid til neste møte på nyåret 2022.

SAK 27/21 MØTEPLAN FOR 2022 – KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2022:

måndag 14. februar, 9. mai, 20. juni, 19. september og 21. november.

Møtestart kl. 17.00 med unnatak av 19. september kor møtestart blir kl. 19.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Medlemmene Aasen og Eidsvåg opplyste at dei ville måtte melde forfall til februarmøtet. Utvalsleiar ønskta at dei var med på drøftinga av prosjektmandatet til nytt prosjekt. Utvalet og sekretær blei samde om å flytte møtet fram til 31. januar. Utvalet slutta seg elles til framlegget slik det var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2022:

måndag 31. januar, 9. mai, 20. juni, 19. september og 21. november.

Møtestart kl. 17.00 med unnatak av 19. september kor møtestart blir kl. 19.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 28/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.11.21

30. Statusoversyn pr. november 2021
31. KST-vedtak 01.11.21,sak 83/21–Forvalt.rapport «Tilpassa opplæring og spes.undervisn.»
32. Mobbeombodet i Vestland – årsmelding for barnehage – og skuleåret 2020-2021
33. FKT- medlemsinformasjon september 2021
34. Samarbeidsrådet for Sunnhordland – referat frå ekstr.ord. repr.skapsmøte 04.10.21
35. Karmsund Havn IKS – innkalling til møte i hamnerådet 09.11.21
36. Haugaland Brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 12.11.21
37. Haugaland Vekst IKS - innkalling til representantskapsmøte 10.12.21
38. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvala i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
39. Invitasjon – NKRF si Kontrollutvalskonferanse 02-03.02.22 på Gardermoen
40. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidl. Hordaland 15.02- 16.02.22

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Sekretær gjorde greie for status og saker.

Utvalet var oppteken av at årsmeldinga frå Mobbeombodet blei gjort kjent. Rådmannen støtta det og meldinga vil bli lagd fram for andre utval. Ordførar supplerte om hamneråd og brann og redning.

Til Sandneskonferansen var Arne Valen påmeldt. Per Watne meldte seg også, og sekretær ettermelder han. Nestleiar var også påmeldt til opplæringa i regi av Vestlandsekretariatet. Ingen hadde høve til å delta på NKRF-konferansen.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 22.11.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 30 – 40 i møtet 22.11.21 til orientering.

YMSE

Andre saker var ikkje meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter vedtatt møteplan er neste møtedato mandag **31. januar**.

Saker: orientering v/Haugaland Brann og redning IKS, prosjektmandat for nytt forvaltnings-revisjonsprosjekt om kommunens planarbeid og utvalet si årsmelding for 2021.

Sveio/Aksdal, 22. november 2021

Ole-Ørjan Hov
Kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	31.01.22	2/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		216

ORIENTERING OM KOMMUNALE SELSKAP – HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek brannsjef Dag Botnen si utgreiing om selskapet Haugaland brann og redning IKS til orientering.

Bakgrunn:

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok i møtet 27.09.21, sak 20/21 ein plan for orientering om kommunen eller kommunale selskap i løpet av 2022. Vedtaket var følgjande:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

- | | |
|---------------------|--|
| 1. møte 2022 | Haugaland Brann og redning IKS |
| 2. møte 2022 | <i>IKT-avdelinga og personvernombodet</i> |
| 3. møte 2022 | <i>Haugaland Industri AS</i> |
| 4. møte 2022 | <i>Haugaland Kraft AS</i> |
| 5. møte 2022 | <i>Rådmannen om status for eksterne prosjekt</i> |
| 1. møte 2023 | <i>Karmsund Havn IKS</i> |

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere utvalet betre kjend med drifta av kommunen eller kommunale selskap og dei utfordringar administrasjonen eller dagleg leiar står overfor.

Planen blei oversendt rådmannen og leiar av selskapa 30.09.21. Det framgjekk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er opp til rådmannen eller dagleg leiar å bestemme kven han/ho tar med seg til møta eller om dei møter som representant for rådmannen eller leiar.

Brannsjef Dag Botnen er kontakta og han vil stille på møtet for å orientere om selskapet og om sine arbeids- og ansvarsområde.

Sekretariatet har som standard å gjøre framlegg (kun rettleiande) at det vert orientert om følgjande tema:

Tenesteområdet og tenestetilbod

- Korleis tenesteområdet/selskapet er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområdet

Talet tilsette v/tenesteområde/selskapet

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidrarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg. Til møtet er det andre saker, så det er viktig å halde ei tidsramme.

Det er også greit, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 24.01.22

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekreterær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	31.01.22	3/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJON - PROSJEKTMANDAT – «PLANARBEID»

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontrollutval tinger forvaltningsrevisjonsprosjektet «Planarbeid» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre fra Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 200 timer.

Vedlegg: Prosjektmandat - «Planarbeid – Sveio kommune» - januar 2022

Saksorientering:

I møtet 21.11.21, sak 26/21 bad Sveio kontroll- og kvalitetutsval Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat innanfor temaet planarbeid til neste møtet på nyåret. Utkast til mandat blei oversendt til sekretariatet 31.01.22.

Bakgrunn

Temaet er sett opp blant dei prioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, som vart vedteken i kommunestyret 02.11.20, sak 114/20. Planen byggjer på risiko- og vesentlegs-vurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020. På bakgrunn av at kommunestyret hadde flytta teamet inn på den prioriterte lista, valte utvalet dette som sitt neste prosjekt.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet vil vere å undersøke i kva grad kommunedelplanar og temaplanar til Sveio kommune er gode å styre etter, og korleis planane vert følgjt opp.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- ***Kven tek initiativ til planane?***

Er planane politisk eller administrativt initierte, eller blir dei utarbeida som ein følgje av statlege føringer eller liknande?

- *Korleis er forholdet mellom planleggingskapasitet og vedtak om planutarbeiding?*
- *I kva grad blir planar utarbeida ved hjelp av konsulentbistand kommunen har kjøpt inn?*
- *I kva grad er planane egna som styringsverktøy?*

I prosjektet vil revisor sjå nærmere på i kva grad dei planane som er plukka ut har tydelege målsettingar (om målsettingane er avgrensa og konkrete) og i kva grad det er synleggjort i planane korleis dei skal bli følgt opp gjennom tiltak, ressursar og framdriftsplan mv. Dei vil òg undersøkja i kva grad det går fram av planane korleis dei skal evaluerast og reviderast i planperioden dei gjeld for.

Sjå vedlegg om prosjektmandat og om kommunen sine planar (kommunedelplanar og temaplanar). Føremålet med oversikta over planane er å gje kontrollutvalet eit bilet av dei planane som er utarbeidde for å kunna vurdera kva planar det er mest aktuelt å sjå på. I forvaltningsrevisjons-prosjektet ser revisjonen for seg at det kan vere aktuelt å sjå nærmere på 2-4 planar og dei ønskjer at utvalet kommer med framlegg til kva planar det skal vere.

Revisjonskriterier

Revisjonskriteria knytte dei ulike krava og omgrep er omtalt i planen. Dei metoder som vil bli nytta vil vere dokumentanalyse og intervju, I dette prosjektet er det lagt følgjande kjelder til grunn for utvikling av revisjonskriterium:

- krav i plan- og bygningslova,
- politiske vedtak og krav som er stilt til planinnhold og -prosess,
- andre føringar på området.

Prosjektet og problemstillingane har til dels ei undersøkande tilnærming. Fleire problemstillingar har ikkje revisjonskriterium. Det er derfor rimeleg å tru at nokon av vurderingane vil bli gjort på bakgrunn av ei totalvurdering av innsamla data, og ikkje ut frå konkrete føringar på området.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på **200** timer. Det inkluderar førebuing, utarbeiding av prosjektmandat, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

Oppstart vil vere i vår og rapport vil vere klår for oversending til hausten. Utvalet har fyrste møte i haust 19. september og det andre den 21. november, så det hadde vore best om rapporten kunne komme tidleg, slik at den sendast til kommunestyret i oktober, heller enn desember.

Kontroll- og kvalitettsvalet må før endelig tinging ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

Aksdal, 31.01.22

Toril Hallsjø (sign.)

Daglig leiar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Planarbeid

Sveio kommune, 2022

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Sveio kommune ba i møte 22.11.2021 om eit utkast til prosjektmandat for gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon om temaet «Planarbeid». I *Risiko- og vesentlegsvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020* er Planarbeid nemnd som eit av fleire aktuelle tema for forvaltningsrevisjon. Stikkord her er strategi, styring, kapasitet og leiing. Her kan vi lese at:

«Det går fram at det er utfordringar knytt til framdrift i planarbeidet i kommunen og at dette er særskilt knytt til kommuneplan og kommunedelplan for Sveio sentrum. Det blir fortalt at noko av bakgrunnen til dette er mange prosjekt og oppgåver avdelinga har, og manglande kapasitet. Det har vore nokre utfordringar med å rekruttere til nokre typar fagstillingar».

I samtale med rådmann 22.12.2021 bekreftar rådmannen at kommunen har mange pågående prosjekt og arbeidskrevjande planar i avdelinga sett opp mot tilgjengeleg bemanning. Dette skaper utfordringar knytt til å halda ønskja framdrift i alle prosjekt og planar.

Visjonen til Sveio kommune er «vilje til vekst og ein god stad å leva». I høve til plan- og bygningslova spelar kommunen sine planar ein viktig rolle for å synleggjere felles mål og prioriteringar. I § 10-1 heiter det at føremålet med ein kommunal planstrategi er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp med eller vidareføra, for å legga til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Gjennom kommunen sin planstrategi syner Sveio kommune korleis dei skal nå sine mål gjennom planarbeidet. Den kommunal planstrategien er eit hjelpemiddel for kommunen til å synleggjere og prioritere vidare planarbeid i inneverande periode.

Planstrategien skal òg ta omsyn til nasjonale og regionale forventningar til kommunalt planarbeid.

Ifolge plan- og bygningslova (PBL) § 10-1 skal kommunestyret minst éin gang i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeida og vedta ein communal planstrategi. Planstrategien bør omfatta ei drøfting av det strategiske valet til kommunen knytt til samfunnsutvikling, som til dømes langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og kommunen sitt planbehov i valperioden.

Oversikta nedanfor syner kommunedelplanar og temaplanar i Sveio kommune. Føremålet med oversikta er å gi kontrollutvalet eit bilete av dei planane som er utarbeidde for å kunna vurdera kva planar det er mest aktuelt å sjå på. I forvaltningsrevisjonsprosjektet ser vi for oss at det kan vere aktuelt å sjå nærmere på 2-4 planar.

Kommunen sine planar - Kjelde: Kommunen sine nettsider 23.11.2021 og Planstrategi for Sveio kommune 2020-23 (med forbehold om manglende planar)

Det blir utarbeida og revidert ei rekke temaplanar og handlingsplanar innanfor dei forskjellige fag- og teneste-områda kommunen forvaltar.

Overordna planar

- Økonomiplan 2016-19
- HMS handlingsplan
- Kommuneplan for Sveio kommune 2011-23
- Beredskapsplan for kommunal kriseleiing 2016-
- Energi og Klimaplan for Sveio kommune 2011-15
- Overordna risiko- og sårbarhetsanalyse for Sveio kommune 2013-

Plan og næring

- Kommunedelplan for Sveio sentrum
- Kommunedelplan for Førde
- Sveio næringsplan 2014-18

Drift og anlegg

- Trafikksikringsplan for Sveio 2009-12
- Hovudplan Vassforsyning for Sveio 2011-23

Helse og omsorg

- Overordna plan for helse og omsorg i Sveio 2015-19
- Ruspolitsk handlingsplan for 2016-19
- Opplæringsplan for tilsette i helse og omsorg 2016-18
- Plan for sosial og helsemessig beredskap 2014
- Smittevernplan med pandemiplan 2014
- Plan for mottak, busetting og integrering av flyktningar
- Handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2020

Skule og barnehage

- Kvalitetsutviklingsplan for skule og barnehage
- Barnehagebruksplan 2016-26
- SLT-plan 2021

Kultur

- Kulturplan 2011
- Delplan for idrett og fysisk aktivitet 2010-14
- Kommunedelplan for kulturminne 2015-17

IKT

- IKT strategiplan 2014-17

OSK

- Arkivplan for Sveio kommune

Interkommunale planar

- Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordaland



I kommunen sitt planarbeid må ein skilje mellom kommunedelplanar på den eine sida, og ulike temaplanar og strategiar for ulike delar av den kommunale verksemda, på den andre. Det er berre kommunedelplanar og reguleringsplanar mv. som er forankra i plan- og bygningslova. Temaplanar og strategiar har ikkje same prosesskrav som dei plan- og bygningslova stiller. Desse er ikkje nødvendigvis lovpålagde, men kan følgje av krav stilt gjennom anna lovverk.

I høve til § 11-1 i plan- og bygningslova kan kommunen utarbeida kommunedelplanar mv. for bestemde tema eller tenesteområde. Forankringa i PBL gjer at planarbeidet er pålagt krav til gjennomføring av planprosessen. I § 11-2 heiter det vidare at kommunedelplanar mv. skal ha ein handlingsdel, som fortel korleis planen skal følgjast opp, dei fire følgjande åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg.

<p><u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Sveio kommune ba i møte 22.11.2021 om eit utkast til mandat for forvaltningsrevisjon, med temaet «Planarbeid».</p>	<p><u>Problemstillingar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kven tek initiativ til planane? <ul style="list-style-type: none"> ○ Er planane politisk eller administrativt initierte, eller blir dei utarbeida som ein følgje av statlege føringer eller liknande? • Korleis er forholdet mellom planleggingskapasitet og vedtak om planutarbeiding? • I kva grad blir planar utarbeida ved hjelp av konsulentbistand kommunen har kjøpt inn? • I kva grad er planane egna som styringsverktøy?
<p><u>Føremål:</u> Føremålet med prosjektet er å undersøkja i kva grad kommunedelplanar og temaplanar til Sveio kommune er gode å styre etter, og korleis planane vert følt opp.</p>	

I prosjektet vil vi sjå nærmere på i kva grad dei planane som er plukka ut har tydelege målsettingar (om målsettingane er avgrensa og konkrete) og i kva grad det er synleggjort i planane korleis dei skal bli følt opp gjennom tiltak, ressursar og framdriftsplan mv. Vi vil òg undersøkja i kva grad det går fram av planane korleis dei skal evaluerast og reviderast i planperioden dei gjeld for.

Skulle datamaterialet tilseie det, kan revisor gjera mindre endringar av problemstillingane underveis. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriteria er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å



vurdera funna i dei undersøkingane som blir gjennomførte. Kriteria skal vera grunngjevne i, eller utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.

I dette prosjektet blir det lagt følgjande kjelder til grunn for utvikling av revisjonskriterium:

- Krav i plan- og bygningslova
- Politiske vedtak og krav som er stilt til planinnhold og -prosess
- Andre føringar på området

Prosjektet og problemstillingane har til dels ei undersøkande tilnærming. Fleire problemstillingar har ikkje revisjonskriterium. Det er derfor rimeleg å tru at nokon av vurderingane vil bli gjort på bakgrunn av ei totalvurdering av innsamla data, og ikkje ut frå konkrete føringar på området.

Undervegs vil det vera naturleg å ta stilling til om det er andre revisjons- eller vurderingskriterium som bør takast med i prosjektet.

AVGRENSNING OG METODE

Prosjektet vil ta for seg kommunedelplanar og temaplanar. Vi ser for oss at det kan vera aktuelt å sjå nærmare på 2-4 av planane.

Datainnsamlinga vil føregå i to fasar: Ein sonderingsfase og ein hovudfase. I sonderingsfasen vil planane (med tilhøyrande dokument) kartleggast og det blir lagt opp til å intervjua nokre nøkkelpersonar. I løpet av sonderingsfasen vil kurSEN for den nærmere datainnsamlinga bli staka ut. Det kan her vera aktuelt å intervjua politikarar og representantar frå administrasjonen, som har hatt ansvar for, eller som har hatt ei sentral rolle i, planane.

OMFANG|

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er 200 timer.



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	31.01.22	4/22

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVISOR SI RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING – FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2021

Sekretariatets forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.

Bakgrunn

Fra oppdragsansvarlig revisor har sekretariatet den 14.01.22 fått følgende e-post:

«Det følger av KL § 24-9 at risiko og vesentlighetsvurdering for FEK (forenklet etterlevelseskонтроль) skal legges fram for KU.

Normalt gjør vi dette i forbindelse med presentasjon av revisjonsstrategien på det første møtet i KU etter sommerferien. Dette er gjort i alle kommuner sør for Boknafjorden.

I kommunene på Haugalandet har vi kun presentert regelverket, men ikke risiko og vesentlighetsvurderingen da denne ikke var klar da regnskapsrevisjonen ble lagt fram.

Fra og med neste år (2022) vil vi også her presentere risiko og vesentlighetsvurdering FEK samtidig med presentasjon av revisjonsstrategien slik at det blir like rutiner for alle kommuner

Kan dere derfor sette opp dette som sak på det neste møtet i KU. Presentasjonen tar maks 5-10 minutt.»

Etter kommuneloven § 23-2 bokstav a skal kontrollutvalget ”påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på en betryggende måte”. Tilsynet blir gjennomført ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalget om de ulike trinnene i revisjonsprosessen. Rapporteringen dekker både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge kommuneloven § 24-2 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor planlegge sitt arbeid, og da med årlig å utarbeide en plan for revisjon av regnskapet. Dette er et internt dokument som styrer det arbeidet revisor må gjøre for å kunne godkjenne regnskapet.

Rogaland Revisjon IKS har utarbeidet egen plan for hver kommune. Plan/strategi for Sveio kommune ble presentert for utvalget av oppdragsansvarlig regnskapsrevisor i høst under sak 18/21.

Regnskapsrevisor har i tidligere hatt som hovedoppgave å gjennomføre en finansiell revisjon. Finansiell revisjon vil – grovt sagt – si å kontrollere at kommunens årsregnskap ikke inneholder vesentlige feil. Under finansiell revisjon vil regnskapsrevisor hovedsakelig rette revisjonen mot de delene av økonomiforvaltningen som har betydning for årsregnskapet.

I forbindelse med utarbeidelsen av ny kommunelov mente Stortinget at det også var behov for en bredere kontroll. Regnskapsrevisors mandat ble derfor utvidet med en «*forenklet etterlevelseskонтroll*». Dette skal være en fast kontroll av de delene av økonomiforvaltningen som ikke nødvendigvis blir kontrollert under den finansielle revisjonen. Kontrollen skal altså være en kontroll av økonomiforvaltningen i forlengelsen av den finansielle revisjonen og skal som utgangspunkt rette seg mot de delene av økonomiforvaltningen som revisor ikke har gjennomgått ved sin finansielle revisjon.

Bestemmelsen om forenklet etterlevelseskонтroll er nedfelt i kommunelovens § 24-9:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Som det fremgår av bestemmelsen innebærer oppgaven at revisor skal se etter om kommunens økonomiforvaltning «i hovedsak» foregår i samsvar med lover og forskrifter og vedtak. For det første må dette forstås slik at kontrollen rettes mot sentrale deler av økonomiforvaltningen, det vil si hvor feil og mangler vil kunne få vesentlige økonomiske konsekvenser, eller ha stor betydning for tilliten til kommunens økonomiforvaltning. For det andre må dette forstås slik at kontrollen som utgangspunkt rettes mot etterlevelsen av grunnleggende og overordnede krav til økonomiforvaltningen.

Utvidelsen av revisors oppgave må ses på bakgrunn av begrensete økonomiske rammer, og kontrollen skal basere seg på en «*risiko- og vesentlighetsvurdering*». I dette ligger det en vurdering opp mot de sentrale områdene innenfor kommunens økonomiforvaltning, og kontrollen må rettes mot områder der risikoen for vesentlige feil og mangler er størst. Hvilke kontrollhandlinger som skal utføres og hvor langt kontrollhandlingene skal gå for å avdekke eventuell manglende etterlevelse, må bygge på risiko- og vesentlighetsvurderinger og det som ellers vil følge av god kommunal revisjonsskikk.

Verken loven eller revisjonsforskriften regulerer nærmere i detalj hvordan revisor skal utføre sitt arbeid under kontrollen. Det vil derfor være opp til god kommunal revisjonsskikk å definere de nærmere avgrensningene av innholdet i revisors plikter. Det samme gjelder avklaringer av hvor grensen mellom etterlevelserevisjon og forvaltningsrevisjon skal gå.

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Den norske Revisorforening (DnR) har i denne sammenheng utarbeidet forslag til en standard «God kommunal revisjonsskikk RSK 101 for forenklet etterlevelseskонтроль med økonomiforvaltningen». Det er anbefalt fra revisjonskomiteen i NKRF at regnskapsrevisor bruker standarden.

Begrepet «*vesentlig betydning for økonomiforvaltningen*» er omtalt i forslaget til standard RSK 101. I standarden er vesentlighet definert ut fra to betrakninger:

- Kvantitativ vesentlighet; beløpsstørrelse relatert til kommunen eller enkeltinnbyggere eller en gruppe innbyggere
- Kvalitativ vesentlighet; manglende etterlevelse av bestemmelser og vedtak som ikke nødvendigvis har vesentlig beløpsmessig betydning. Slike mangler kan likevel ha vesentlig betydning for økonomiforvaltningen på grunn av f.eks. potensielt omdømmetap og samfunnsmessig aktualitet.

Et eksempel på kvantitativ vesentlighet kan være beregning av selvkost. Feil i beregningene vil neppe være vesentlig for regnskapet, men for abonnentene kan det være vesentlig. Kvalitativ vesentlighet med potensielt omdømmetap og samfunnsmessig aktualitet kan være ved manglende etterlevelse av offentlige anskaffelser.

Hvis kommunen ikke følger kravene til konkurranse og kjøper tjenester til en høyere sum enn de kunne fått med anbud blir det ikke feil i regnskapet, men hvis dette blir kjent, vil det sannsynligvis bli et omdømmetap, tap av tillit fra andre leverandører og kommer dette i media, vil det også få samfunnsmessig aktualitet. Samfunnsmessig aktualitet kan også være områder kommunestyret er spesielt opptatt av, og det kan være manglende etterlevelse av vedtak på det området.

Revisor legger fram sine risiko- og vesentlighetsvurderinger for kontrollutvalget i forkant av gjennomføringen av kontrollen.

Konklusjon

Dersom det ikke kommer fram noe spesielt i møtet, anbefales det at kontrollutvalget tar informasjonen fra Rogaland Revisjon til orientering.

Aksdal, 03.02.22

Toril Hallsjø
Utvalgssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	31.01.22	5/22
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		033

ÅRSPLAN FOR 2022

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsplan for 2022 (med evt. endringar/tillegg).

Vedlegg: Årsplan for 2022

Saksorientering

Sekretariatet har tidlegare år ikkje utarbeida ein årsplan for utvalet. Årsplanen er ikkje ein lovpålagt plan, men er tenkt som eit styringsverktøy for utvalet. Årsplanen er ein overordna plan som dekker faste og førebels kjente aktivitetar til kontrollutvalet i året som kjem.

Den gjer ei kort oversyn over sakshandsaminga i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet kjenner til at det vil bli arbeida med i året som kommer. Dersom det blir naudsynt å flytte på saker på grunn av revisor si kapasitet eller at kontrollutvalet ser trong tilr å gripe fatt i andre saker som oppstår undervegs i året vil kontrollutvalet kunne gjere det. Denne type endringar er delegert kontrollutvalet frå kommunestyret når det gjeld forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Eventuelle endringar/tillegg i planen som måtte komme i forbindelse med kontroll- og kvalitetsutvalet si handsamig vil bli innarbeida i etterkant.

Om vedtatt årsplan skal leggjast fram for kommunestyret til orientering, får utvalet evt. ta stilling til. Sekretariatet er av den meining at utvalet si årsmelding også inneheld mykje av det same som er omtalt i årsplan, slik at vi finn det ikkje naudsynt å leggje fram både to sakene for kommunestyret i same møte, og legg dermed ikke fram innstilling om det.

Aksdal, 24.01.22

Toril Hallsjø (sign)
Daglig leiar/utvalssekretær

Sveio kontroll- og kvalitetsutval

Årsplan 2022

1. Innleiing

Det er kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i Sveio kommune. Kommunelova § 23-1 pålegg kommunestyret å velje eit kontrollutval som på deira vegne skal ha ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet rapporterer derfor direkte til kommunestyret.

Årsplanen for 2022 gjer ei kort oversikt over korleis kontroll og tilsyn frå kontrollutvalets side fungerer. Den viser også venta aktivitet for kontrollutvalet i året som kjem.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp det meste knytte til kommunens verksemd. Det gjeld utan hinder av teieplikt så sant det dreier som ei kontroll- og tilsynssak. Det er likevel to viktige avgrensingar:

1. kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar,
2. kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret.

Kontrollutvalet utfører i hovudsak sitt tilsyn med administrasjonen gjennom tilgang til forvaltninga sine dokument, samtalar med administrasjonen (rådmannen) og forvaltningsrevisjon /ev. andre undersøkingar som vert bestilt frå revisor.

2. Mål for kontrollutvalet i Sveio

Kontrollutvalets mål er å sjå til at kommunen følgjer lover og reglar og rettar seg etter politiske vedtak. I tillegg er kontrollutvalets mål å sjå til at verksemda er målretta, effektiv og i tråd med vedtekne etiske normer.

3. Sakshandsaminga i kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine møte er på kommunehuset, og er opne for alle. Innkalling og protokoll blir lagt ut på sekretariatet sine heimesider. Det skal også være link til desse på kommunens heimesider.

Innkalling og protokoll blir også sendt til ordførar og rådmann. Kontrollutvalet vedtar sin møteplan for kommande år kvar haust. Kontrollutvalet har fastlagt møteplan for heile året, og har for 2022 planlagt 5 møter. Møteplanen er også lagt ut på sekretariatet sine nettsider www.kontrollutvalgene.no

For å sikre at kontrollutvalet er uavhengig både av kommuneadministrasjonen og av revisor, skal kontrollutvalet i tråd med kommunelova § 23-7 ha ein eigen administrasjon/sekretariat. Dette blir ivaretatt gjennom kjøp av tenester frå Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

Sekretariatet har ansvar for at kontrollutvalet sine saker er forsvarleg utgreia og at utvalet sine vedtak blir sett i verk. Medlemmene vert innkalla til møte av kontrollutvalssekretariatet i samarbeid med utvalsleiar.

4. Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet bør ha fokus på systemkontroll. Kontrollutvalet har ikkje høve til å fatte vedtak som endrar eit enkeltvedtak, sjølv om utvalet sine undersøkingar skulle vise at ein sak ikkje er korrekt handsama. Dette må evt. bli gjort av kommunestyret etter innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalets oppgåve er å undersøke hendingar som kan indikere svikt i den kommunale sakshandsaminga, eller at kommunen ikkje følger dei lover og retningsliner den er underlagt eller ikkje rettar seg etter vedtak i kommunestyret.

4.1 Kommunens regnskap, budsjett og internkontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapen blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal derfor mellom anna halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med dei føresegna som følgjer av loven og av god kommunal revisjonsskikk. Kontrollutvalet skal også følgja opp eventuelle merknader og påpeikingar frå revisor. Dette gjer kontrollutvalet i hovudsak gjennom orienteringar frå revisor kvar haust om planlagt revisjon i komande år, samt orientering om rekneskapen om våren.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om kommunen sitt årsrekneskap og årsmelding før formannskapet gjer si innstilling til kommunestyret. Denne uttalen skal være kjent for formannskapet før det gjer innstilling til kommunestyret om årsregnskapet.

Kontrollutvalets tilsyn omfattar då:

- følgje med på kommunens økonomistyring og budsjettdisiplin gjennom året via orientering om kommunens tertialrapporter,
- følgje opp revisors merknader til rekneskap og internkontroll,
- tilsyn med revisor/følgje med i revisor sitt arbeid.

Dette blir gjort via revisors rapportering i forbindelse med årsoppgjeren, skriftleg uttale om kommunens økonomiforvaltning («forenkla etterlevingskontroll») og under orientering om planlegging av kommande revisjonsår.

4.2 Forvaltningsrevisjon 2022

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i tråd med vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024. Kontrollutvalet vil bestille prosjekt for levering i 2022 med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, samt tildelte budsjettmidlar:

- Forvaltningsrevisjonsrapport om kommunens planarbeid (tinging 31.01.22)

Kontrollutvalet vil også følgje opp kommunestyrets vedtak til handsama rapporter ca. 6 – 12 månadar etter handsaming i kommunestyret. For 2022 gjeld det følgjande forvaltningsrevisjonsrapport som ble vedtatt i kommunestyret 01.11.21, sak 83/21:

- Forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» (hausten 2022)

Sak om oppfølging av rapport vert vidaresendt kommunestyret.

Kontroll av kommunalt heileide selskap er ein sjølvstendig del av forvaltningsrevisjonen. Tidlegare kontrollutval har bestilt selskapskontroll i følgjande selskap:

- Karmsund Havn IKS
- Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS
- SIM IKS

Det er ingen gjennomførte eigarskapskontroller (tidlegare selskapskontroller) som ikkje er følgt opp.

Kontrollutvalet vil også følge med i rådmannens arbeid med utarbeiding og behandling/ oppfølging av eigarstrategi.

Vidare har utvalet vedtatt følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap i 2022:

1. møte (31. jan)	Haugaland brann og redning IKS
2.møte (9. mai)	IT-avd. og personvernombod
3. møte (20. juni)	Aktia As (tidl. Haugaland Industri)
4. møte (19. sept.)	Haugaland Kraft AS
5. møte (21. nov.)	Kjøp av eksterne prosjekt

Rapport frå gjennomført forvaltningsrevisjon vert oversendt kommunestyret for sluttbehandling. Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker som omhandlar forvaltningsrevisjon. Ved oppfølging av kommunestyrets vedtak til handsama rapporter vert desse vidaresendt som sak til kommunestyret når oppfølgingssak er handsama i kontrollutvalet.

4.3 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelovens § 23 pålegg kontrollutvalet å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon for kvar valperiode. Planen skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemد og verksemda i kommunens selskap. Det vil også bli bedt om innspel om prosjekter frå kommuneadministrasjonen, det politiske miljøet, revisor og sekretariatet. Planen skal vere vedtatt seinast innan utgangen av året etter at valet har funnet sted. Sveio kommunestyre vedtok den endelige versjonen av Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 i sitt møte 02.11.20, sak 114/20 og sak 113/20.

4.4 Budsjett for kommunens kontrollarbeid

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Budsjettet omfattar kontrollutvalet sin eigen aktivitet, kjøp av administrasjons/sekretariatstenester og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalets framlegg til budsjett for kontrollarbeidet skal utarbeidast av kontrollutvalet sjølv, og det er bare kontrollutvalet som kan gjøre endringar i utvalets framlegg forut for den politiske budsjettthandsaminga. Kontrollutvalet opptrer på vegne av kommunestyret og er direkte underordna kommunestyret. Det er derfor viktig for kommunestyret å vere kjent med kontrollutvalets vurdering av det økonomiske behovet for kontroll- og tilsynsarbeidet. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg skal følge formannskapet si innstilling og kan ikkje endrast av administrasjonen.

Kontrollutvalets oppgåver på området er:

- utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet komande år,
- følgje opp budsjett for inneverande år.

Budsjett for kjøp av tenester til revisjon og sekretariat vert utarbeida og vedtatt av representantskapet i Rogaland Revisjon IKS og representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

4.5 Andre oppgåver for utvalet

Ut over planlagde oppgåver vil kontroll- og kvalitetsutvalet også ta opp saker som måtte dukke opp undervegs i året og som er relevante for kontrollarbeidet.

Andre faste oppgåver som kontrollutvalet har planlagt er orienteringar om de kommunale tenestene. Mål for dette er god kjennskap til kommunens administrasjon og/eller selskapa, og bidra til god kommunikasjon og dialog.

På alle møta i kontrollutvalet vert også desse faste sakene/punkta sett opp:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av protokoll frå sist møte
- Statusoversikt om kontrollutvalssaker
- Referat-/meldingssaker
- Eventuelt

Sveio, januar 2022

Ole-Ørjan Hov
kontrollutvalsleiar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	31.01.22	6/22
Kommunestyret	21.02.22	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		033

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET - ÅRSMELDING 2021

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2021 slik ho ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2021 til orientering.

Vedlegg: Utkast til utvalet si årsmelding for 2021

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 23-5 skal «*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*».

Utkast til årsmelding for kontroll- og kvalitetsutvalet si verksemd i 2021 følger vedlagt. Den er sett opp etter omrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2021 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vil bli lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontroll- og kvalitetsutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida og så ettersendt.

Aksdal, 24.01.22

Toril Hallsjø (sign)
Daglig leiar/utvalssekretær

SVEIO KOMMUNE

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

ÅRSMELDING

2021



Foto: T. Hallsjø

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemد og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2021.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av selskapa som kommunen eig eller er deleigar i. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstiller til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret første gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsmakt, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Utvalet har for valperioden 2019–2023 følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Ole-Ørjan Hov (MGD)
Nestleiar	Arne Valen (Sp)
Medlem	Solfrid Aasen (Sp)
Medlem	Gustav Eidsvåg (Frp)
Medlem	Marit Elise Lier (Ap)

Numeriske varamedlem:

- Per S. Wathne (KrF)
- Bjørn Gerhard Huseby Frp)
- Hege Hobberstad Vigre (Sp)
- Randi Skimmeland (Ap)
- Andreas Bårtvedt (H)

Utvalsleiar er utvalet sin kommunestyrerrepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har møtt på tre av fire møte. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har også møtt på tre av fire møte. I tillegg har økonomisjef møtt for rådmannen i eit møte og i maimøtet under regnskapssaka. Personalleiar møtte også i mai, og kommunalsjef Nygaard i september. Rektor v/Sveio skule møtte i november.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. UTVALET SIN AKTIVITET I 2021

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i 2021 hatt **4** (5) møte, fordelt på to om våren og to på hausten. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i rådhuset. Møtet i januar og mai ble halden digitalt på møteplattforma Zoom. Leiar og sekretær møttest på rådhuset. Møta om hausten var fysiske.

Utvalet har i 2021 hatt **28** (35) saker til handsaming der **5** (8) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **40** (42) saker er blitt lagd fram til orientering.

Samla oversyn over sakene følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På den digitale kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) i april og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni deltok ingen frå Sveio. Leiar deltok digitalt på samlinga «Kontrollutvalsleiarskulen» i september i regi av FKT. På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland i desember var nestleiar påmeldt, men han måtte melde avbod på kort varsel.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Herunder ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisionsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i det digitale møtet 03.05.21, sak 10/21 kommunen sin årsrekneskap for 2020 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2020 gjort opp med eit positivt netto driftsresultat med 9,8 mill. kr, som utgjer 1,9 %. Det var eit betre resultat enn året før (1,6 %) og resultatet var litt øve Teknisk berekningutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75 %. I same møtet blei rekneskap for Ryvarden Kulturfyr KF godkjent. Føretaket sitt netto driftsresultat blei negativt med kr – 92.482.

Utvalet slutta seg til uttalen, då det ikkje var funne nokon formelle feil eller spesielt å bemerke.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Sveio kommune sin plan for 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret i møtet 02.11.20, sak 114/20.

Arbeidet med planen starta 2020 på nyåret med eit risikospel og det blei utarbeida plan med risiko – og vurderingar der utvalet kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
2. *Bemanning og sjukefråvær*
3. *Leverandør- og kontraktsoppfølging*
4. *Planarbeid*

Utvalet valte prosjekt nr 1 i november og utkast til prosjektmandat frå Deloitte blei vedtatt i februar. Rapport var klar i september og handsama i kontroll- og kvalitetsutvalet før oversending til kommunestyret sitt møte 01.11.21, sak 83/21.

Revisor viste til at Sveio kommune i hovudsak har utarbeidd system og rutinar for tilpassa opplæring og spesialundervisning og etablert eit godt og føremålstenleg system for samhandling, men at det var også rom for forbetringar. Framlegg om ulike tilrådingar om tiltak var sett opp i 12 punkt. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til 9 månader etter kommunestyret sitt vedtak. Kommunestyret framheva spesielt organiseringa av PP-tenesta og vedtok mellom anna at rapporten skulle bli oversendt styret for den interkommunale samarbeidet.

Den felles forvaltningsrevisjonsrapporten om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) blei lagt fram i mai. KPMG kom med nokre tiltak til forbetringar knytte til demokratisk kontroll, skrifteleg avtale, kommunikasjon m.m. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak 14.06.21, sak 42/21.

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om FOS blei lagt fram for utvalet i november og kommunestyret i desember, sak 108/21 i møtet 13.12.21. Tilbakemeldinga blei tatt til orientering.

Utvalet vedtok i februar ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon med tema «*Haugalandspakken*» etter invitasjon frå Rogaland fylkeskommune. Utvalet fant prosjektmandatet interessant og ønskte difor å bli halden orientert. Rapporten var klår i november og handsama i fylkestinget i desember. Rapporten vil bli lagt fram for utvalet som referatsak på nyåret.

Utvalet vedtok i november ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon av Karmsund Hamn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg etter invitasjon frå Karmøy kontroll- og kvalitetsutval.

Utvalet valde nytt prosjekt i november og gjekk for prosjekt nr 4 på prioriteringslista om planarbeid. Prosjektmandat frå Rogaland Revisjon ligg no føre og rapport vil vere klår i løpet av 2022.

4.3 EIGARKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll.

Plan for 2020-2024 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 02.11.20, sak 113/20 på bakgrunn av overordna analyse. I vedtatt plan er desse valt ut:

1. Sveio Golfpark AS
2. Krisesenter Vest IKS
3. Haugaland brann og redning (HBR) IKS
4. SIM IKS

Av uprioritert prosjekt er overordna eigarskapsforvaltning i kommunen, Haugaland Kraft AS og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter.

Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap. Utvalet har for 2022 invitert selskapa HBR IKS og Aktia AS (tidl. Haugaland Industri) og Haugaland Kraft AS til å komme å orientere om si verksemeld.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Deloitte AS har vore kommunen sitt revisionsselskap fram til 31.06.21. Deira revisorar har delteke på fjernmøta på våren. Frå 01.07.21 overtok Rogaland Revisjon IKS med revisor Tore Kristensen som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Han fekk møtt utvalet i september og deltok digitalt i novembermøtet.

Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisionsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 14.06.21, sak 48/21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Deloitte AS kom med sin uttale for rekneskapsåret 2020 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen, og attestasjonen var utan etterhald eller merknader.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan gjerast ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I februarmøtet orienterte hovudverneombodet og hovudtillitsvald for Fag forbundet om sitt arbeids- og ansvarsområde. I mai-møtet møtte personalleiar og i novembermøtet rektor ved Sveio skule for å orientere.

Utvalet er heller i 2021 ikkje blitt kontakta av innbyggjarar. Utvalet er då heller ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

5 BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLL

ANSVARSMÅRÅDE 10010 REVISJON OG KONTROLLUTVAL	REGNSKAP 2020	BUDSJETT 2021	REGNSKAP 2021
Godtgjersle, kurs, m.m	72 918	96 000	58 249
Revisjonstenester priv./IKS	291.151	434 000	441 655 ?
Sekretariatstenester ((IKS))	183 000	189 000	189 200
Sum utgifter	571 134	719 000	

Utvalet handsama hausten 2021 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2022. Totalramma blei sett til kr 1.192.000 eks. mva. Framlegget blei lagt inn av administrasjonen i rådmannen sitt budsjettframlegg og blei vedteken av kommunestyret som ramme for 2022.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmannen eller revisjonen. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert 2004 og vore i drift i 17 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og med andre sekretariat, spesielt Rogaland og Vestland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpende.

Frå Sveio kommune er Ruth Ø. Eriksen valt til representantskapet i IKSet med Asle G. Halleraker er valt som vararepresentant. Eriksen deltok på representantskapsmøtet 26.04.21, som igjen blei halde digitalt som følgje av koronapandemien.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2021 blei noko annleis enn tidlegare år. To av møta blei digitale og junimøtet blei avlyst.

To forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt utarbeida og presentert. Undersøkinga om tilpassa opplæring og spesialundervisning viste at kommunen har forbettingspotensiale. Det har også vore ei oppfølgingssak om den eine rapporten knytte til samarbeidet FOS.

Neste prosjekt er valt og vil omhandle kommunen si handtering av planarbeid.

Rogaland Revisjon IKS blei kommunen sin revisor frå 01.07.21.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunens si økonomisituasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Sveio, den 31.01.22

Ole Ørjan Hov
Leiar (sign.)

VEDLEGG

OVERSYN OVER SAKER – SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL 2021

Saker til handsaming:

Møte nr 1 (digitalt)

- 1/21 Godkjenning av protokoll fra møtet 16.11.19
- 2/21 Orientering fra ein av dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet
- 3/21 Tinging av forvaltningsrevisjon – prosjektmandat «Tilpassa opplæring og spesialundervisning»
- 4/21 Invitasjon til deltaking i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken
- 5/21 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2020
- 6/21 Referat- og orienteringssaker 15.02.21

Møte nr 2 (digitalt)

- 7/21 Godkjenning av protokoll fra møtet 15.02.21
- 8/21 Orientering fra administrasjonen - personalleiar
- 9/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
- 10/21 Uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2020 – Sveio kommune
- 11/21 Uttale til rekneskap og årsmelding 2020 - Ryvarden Kulturfyr KF
- 12/21 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2020
- 13/21 Referat- og orienteringssaker 03.05.21

Møte nr 3

- 14/21 Godkjenning av protokoll fra møtet 03.05.21
- 15/21 Forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning»
- 16/21 Rogaland Revisjon IKS – revisor si rolle og ansvarsområde - engasjementsbrev
- 17/21 Revisor si eigenerklæring for 2021
- 18/21 Orientering om revisjonsstrategi for revisjonsåret 2021
- 19/21 Budsjettframlegg for 2022 - kontrollarbeidet i kommunen
- 20/21 Plan for orienteringar fra adm. eller kommunale selskap
- 21/21 Referat- og orienteringssaker 27.09.21

Møte nr 4

- 22/21 Godkjenning av protokoll fra møtet 27.09.21
- 23/20 Orientering fra administrasjonen – rektor ved Sveio skule
- 24/21 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om Forum for oppvekst i Sunnhordland
- 25/21 Invitasjon om felles forvaltningsrevisjon- Karmsund hamn IKS og eigarforhaldet til kommunale hamner og kaianlegg
- 26/21 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2022!
- 27/21 Møteplan for 2022 - kontroll- og kvalitetsutvalet
- 28/21 Referat- og orienteringssaker 22.11.21

Referat- og orienteringssaker 2021

1. Statusrapport pr. februar 2021
2. Kommunestyrevedtak 07.12.20, sak 131/20 – Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) – ny samarbeidsavtale
3. Kom.styrevedtak 07.12.20, sak 135 – Oppfølging av forvaltningsrevisjon- Barnevern
4. Rekneskapstall 2020 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
5. Budsjett 2021 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 11.12.20
8. Kommunal rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval – lokaldemokratiets vaktbikkje

9. Statusoversyn pr. april 2021
10. Løypemelding 26.04.21 frå Deloitte om arbeidet med forvaltningsrevisjon
11. KST-vedtak 22.02.21, sak 9/21 – Kontroll- og kvalitetsutvalet – Årsmelding 2020
12. E-post 06.04.21 frå nestleiar om handsaminga av sak om Skulebruksplanen
13. KST-vedtak 12.04.21, sak 22/21 – Skolebruksplanen for Sveio kommune 2021-2027
14. Sak til 17 kommunar -Opptak av kommunar som nye deltagarar i Rogaland Rev. IKS
15. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Vekst IKS
16. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
18. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
19. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Brann og redning IKS - protokoll
20. KMD mars 2021 - Rettleiar til kontrollutvals- og revisjonsforskrifta
21. NKRF si Kontrollutvalskonferanse 2021 - digital 21.- 22.04.21
22. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021

23. Statusoversyn pr. september 2021
24. KST-vedtak 14.06.21, sak 42/21 – Forvaltningsrevisjonsrapport - FOS
25. KST-vedtak 14.06.21, sak 48/21–Rogaland Revisjon-godkjenning av selskapsavtale
26. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
27. Haugaland Brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 24.08.21
28. FKT - medlemsinformasjon juni 2021
29. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidl. Hordaland 15.02- 16.02.22

30. Statusoversyn pr. november 2021
31. KST-vedtak 01.11.21,sak 83/21–Forvalt.rapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning.»
32. Mobbeombodet i Vestland – årsmelding for barnehage – og skuleåret 2020-2021
33. FKT- medlemsinformasjon september 2021
34. Samarbeidsrådet for Sunnhordland – referat frå ekstr.ord. repr. skapsmøte 04.10.21
35. Karmsund Havn IKS – innkalling til møte i hamnerådet 09.11.21
36. Haugaland Brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 12.11.21
37. Haugaland Vekst IKS - innkalling til representantskapsmøte 10.12.21
38. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvala i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
39. Invitasjon – NKRF si Kontrollutvalskonferanse 02-03.02.22 på Gardermoen
40. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidl. Hordaland 15.02- 16.02.22

SAKSGANG		
Utvæl	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	31.01.22	7/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		216

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 31.01.22

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 1 – 17 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutvalg ber om ein tilbakemelding frå rådmannen på henvendinga om rutinar knytte til matrikkelføring og grenseoppmålingar til møtet 09.05.22.

Skriftlig svaret vert levert sekrtariatet innan 29.04.22. Utvalet ber også om at rådmannen orientear om saka i møtet i mai.

Vedlegg:

1. Statusrapport pr. januar 2022
2. Kommunestyrevedtak 13.12.21, sak 108/21 – Oppfølging av forvalt. rev.rapport - FOS
3. Kom.styrevevdak 13.12.21, sak 121/21 – Interpellasjon om barnevernet
4. Kom.styrevevdak 13.12.21, sak 122/21 – Interpellasjon om kommuneplanen
5. Rekneskapstall 2021 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
6. Budsjett 2022 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
7. Tertiアルrapport pr. 31.12.21 frå Rogaland Revisjon IKS
8. Protokoll frå ekstr.ord. repres.skapsmøtet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 03.12.21
9. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 10.12.21 (ikkje sign.)
10. Oppsummering frå konferansen i Sandnes 02.12.21 v/Per Watne og sekretær
11. Statsforvalteren i Rogaland - Informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2022
12. Rogaland fylkeskommune v/kontrollsjef – forvaltn.rev.rapport «Haugalandspakken»
13. Hgsds Avis om fylkestingsbehandling av rapport i møtet 14.12.21, sak 131
14. Forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken» (eget vedlegg – 100 sider - også utsendt i desember 2021 til medlemmene)
15. Innspel om saker til kontrollutvalet frå Øyvind Sævarhagen (oversendt 25.11.1/ 20.01.22)
16. Brev til Sivilombodsmannen, dagsett 02.08.20 om saker etter matrikkelloven i Sveio
17. Melding om forfall 31.01.22 og søknad om fritak fra vervet som leiarr/medlem av kontroll- og kvalitetsutvalet – e-post 20.01.22 frå Ole Ørjan Hov (IM)

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Om henvendingar generelt

Sekretariatet visar til referatsak 13/21 i møtet 03.05.21 kor det blei informert på generelt grunnlag om korleis henvendingar kan handterast av kontrollutvalet. Sekretariatet har registrert at det er auke i tal på henvendingar frå innbyggjarar eller eigedomsbesittarar. Same inntrykket blir formidla frå andre kollegaer i andre sekretariat.

Kvar henvending som kjem er unik. Det er såleis ikkje nokon fasit på korleis henvendingar skal handsamast. Men sekretariatet har her utarbeidd ein skisse for eventuell rekkefølgje som kan nyttast ved henvendingar generelt sett:

1. **Kontrollutvalet må bli gjort kjent med henvendinga** gjennom at sak blir tatt med på lista/vedlegg under referat- og orinteringssakene til neste møte. Innsendar får brev om førebels svar om neste møte og kva mandat og oppgåver som ligg til kontrollutvalet.

Dersom det varsla forholdet til dømes er til ankehandsaming hjå kommunen eller statsforvaltaren, så ventar kontrollutvalet normalt med å sjå nærmare på saka. Det same gjeld om det varsla forholdet er til handsaming i rettsapparatet.

2. Kontrollutvalet drøftar så vegen vidare i møtet.

Nokre alternative utfall kan vera desse:

- Kontrollutvalet meinar alt no at dette ikkje er ei sak for utvalet, og grunngjев dette.
- Utvalet treng meir informasjon for å kunna realitetshandsama henvendinga og utvalet kan be rådmannen om å gje informasjon på neste møte.
- Utvalet kan be sekretariatet om å skaffa fleire relevante dokument.
- Utvalet kan be om innspel frå andre.

Utvalet har indikasjon på – ut frå henvendinga og evnt. kunnskap i utvalet, sekretariatet og/eller revisjonen – at dette er eit saksområde som ein bør sjå nærmare på. Utvalet ser då fyrst og fremst på kommunen sine system og rutinar generelt sett og mindre på einskiltsaker.

Då kan til dømes dette skje:

Dersom det er nært føreståande å laga ny plan for forvaltningsrevisjon eller å evaluera denne, kan ein få ei prioritering av saksfeltet det er henvending om, opp mot andre saksfelt.

Dersom det snart skal tingast ny forvaltningsrevisjon, kan ein vurdere om saksfeltet kan inkluderast i føremål og/eller problemstillingar for denne.

Kontrollutvalet bestiller ein ny forvaltningsrevisjon med basis i saksfeltet henvendinga omhandlar.

Kontrollutvalet har indikasjon på at henvendinga er så spesiell at utvalet vil sjå nærmare på saka - det spesifikke innhaldet som henvendinga omtalar. Då er det vanleg å be revisjonen om å laga ein prosjektplan som fortel kva arbeid som skal gjerast og kva ressursar som skal brukast. Endeleg bestilling frå kontrollutvalet vil vera på basis av denne prosjektplanen.

3. Kontrollutvalet drøftar event. vegen vidare i møte nr. 2

Nokre alternative utfall:

- Utvalet kjenner seg i stand til å konkludere på om dei vil ta saka eller ikkje.
- Utvalet meinar framleis at dei treng meire informasjon, og vil be om det fram mot / i komande møte.
- Utvalet handsamar prosjektplan frå revisjonen, dersom det er bede om, og bestiller ein revisjon på saksfeltet eller om den konkrete saka.

Som oppsettet viser, kan det gå fleire møter før kontrollutvalet er i stand til å realitetshandsama ei henvending, gjerne etter å ha skaffa meire informasjon eller saka er klar med det same.

Kontrollutvalet er og styrt av dei økonomiske rammene som er tildelt. Slik sett kan det og vere at utvalet må prioritere ned saka/saksfeltet som er omtala i henvendinga av økonomiske årsaker, sjølv om saka/saksfeltet isolert sett ville vore interessant å sjå nærmare på.

Til pkt 15 og 16

Henvendinga frå Øyvind Sæverhagen er lagt ved som vedlegg. Den er dagsett 30.11.21 til leiar, men er ikkje blitt oversendt sekretariatet før 20.01.22. Han ønskjer at utvalet skal fatte interesse for saker som gjeld matrikkel- og oppmålingssaker i kommunen. I følgje han har kommunen i ein årrekke gjennomført grenserettingar og føringar i matrikkelen, i strid med lov og forskrift.

Han har sendt ein rekkje dokument. I følgje han er det i desse sakene eit omfattande dokumentgrunnlag, og han det er derfor laget et lite representativt utdrag av all dokumentasjonen som finnes. Desse dokumentene er vedlagt i e-post til leder, sammen med brevet. Det er knyttet ett dokument til kvar sak, som gjer ei oppsummering av saka frå statsforvalter, samt hans vedtak. Det er også vedlagt ein rettskraftig dom frå jordskifteretten (19-030501) i ein av sakene. Desse ligg som ikkje- mangfoldiggjort vedlegg, men vert sendt medlemma i eigen e-post. Brevet til Sivilombodsmannen, dagsett 02.03.20 følgjer også som vedlegg, pkt 16 . Det framkommer ikkje om det er mottatt svar frå SOM. Han avslutter brevet frå 30.11.21 følgjande:

«Flere av tilbakemeldingene fra Statsforvalter viser også til en omfattende ressursbruk fra kommunen, for å argumentere for sine påstander. Påstander som Statsforvalter eller domstol i ettertid opphever, enten på grunnlag av saksbehandlingsfeil eller faktiske feil i påstandene. Det er derfor også et berettiget spørsmål å stille hvor vidt kommunens ressursbruk er forsvarlig. Dette gjelder både personalressurser og kostnader, spesielt der omkostninger for sakkyndig bistand blir belastet tilbake til kommunen. Dette dreier seg nå om flere hundre tusen kroner etter hvert. I en presset kommuneøkonomi burde det være unødvendig å ha slike utgifter.»

Når også de samme feil blir begått i sak etter sak, så taler dette for en alvorlig systemsvikt; en ser ikke ut til å ta lærdom av tidligere avvik. Det vises ellers til dokumentet «Klage til SOM», som er vedlagt. Her beskrives våre betenkelsigheter overfor kommunens praksis utførlig.»

I tillegg til disse 3 sakene har jeg kjennskap til flere pågående saker, som tilsynelatende er likelydende i problemstillinger som de 3 nevnte. Dette tyder på at praksisen fortsatt ikke er endret, noe som også taler for at Kontrollutvalget bør se på saken».

Kontroll- og kvalitetsutvalet må vurdere kva tilnærming utvalet vil ha vidare. Generell skisse om henvendingar vil då kunne komme til nytte.

Sekretariatet innstiller på at saka blir klårgjort i fyrste omgang ved at utvalet ber rådmannen om å gje informasjon på neste møte i mai om sakskomplekset rundt martrikkellova.

Aksdal, 24.01.22

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær



Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Tema	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Forvaltningsrevisjon «Planarbeid»	31.01.22, sak 4/22	200 timer	Til bestilling	Hausten 2022	Rogaland Revisjon IKS
Orientering – Hgl Brann og Redning IKS	27.09.21, sak 20/21		31.01.22, sak 2/22		Brannsjef Dag Botnen
Orientering – IT-avd. personvern	27.09.21, sak 20/21		09.05.22		
Orientering – Aktia AS	27.09.21, sak 20/21		Juni el. sept.		

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll	Bestilt	Hand-saming i KU	Hand-saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Prosjekt «Tilpassa opplæring og spesial- undervisning»	15.02.21, sak 3/21	27.09.21, sak 15/21	01.11.21, sak 83/21	Hausten 2022	9 månaders frist Deloitte AS

Avslutta prosjekt/orienteringar

Tema	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp av KST	Merknader
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	04.05.20, sak 9/20	03.05.21, sak 9/21	14.06.21, sak 42/21	13.12.21, sak 108/21	Fellesprosjekt KPMG AS
Orientering – rektor Sveio b/u skule	14.02.20, sak 2/20	22.11.21, sak 23721			Lene Lier
Orientering - personalleiar	14.02.20, sak 2/20	03.05.21, sak 8/21			Monica Hovda Madsen
Orientering HTV og HVO	14.02.20 sak 2/20	15.02.21, sak 2/21			Bua og Askeland Dahle
Rapport «Barneverntenesta»	22.01.19, sak 3/19	24.09.19, sak19/19	11.11.19, sak 61/19	07.12.20, sak 135/20	Deloitte As
Plan for forvaltnings- revisjon 2020 – 2024 med analyse	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 22/20	07.12.20, sak114/20	Ny plan i 2024	Deloitte As
Plan for eigarskaps- kontroll 2020 – 2024	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 23/20	07.12.20, sak 113/20	Ny plan i 2024	Deloitte As

**Møteprotokoll – Kommunestyret***Særutskrift – Sak 108/21***Utval:** Kommunestyret**Møtestad:** Fjernmøte**Dato:** 13.12.2021**Tid:** Kl. 17:30**Følgande medlemmer møtte:****Parti**

Linn Therese Erve	AP
Asle Georg Halleraker	AP
Håkon Johnsen Skimmeland	AP
John Anders Semb	AP
Torgeir Tveit Katla	AP
Gustav Eidsvåg	FRP
Rune Teikari	FRP
Ruth Grethe Østebøvik Eriksen	FRP
Svein Mathias Lie	FRP
John Kristian Økland	H
Lars Einar Hollund	H
Mikal Møller Hovda	H
Anne Vierdal	KRF
Jarle Jacobsen	KRF
Arne Valen	SP
Dagfinn Fagerland Bjørge	SP
Monica Vandaskog Valen	SP
Ole Velde	SP
Kristina Våge Ballard	SV
Ole Johan Sveen	UAH
Stian Nygård	UAH

Forfall:**Parti****Vara:**

Ingrid Pedersen Furdal	AP	Trond W. Våga
Maren Kristine Lye Bårdesen	AP	Carlos A. Monclair
Ole-Ørjan Hov	MDG	Leif Sverre Haga
Andreas Sirevaag	SP	Vidar Høyland

Frå ungdomsrådet møtte:

Tuva Økland

Sunniva Vikse

Frå eldrerådet møtte:

Helge Matre

Endring av sakslista:	
Sak 115/21 blei behandla like etter sak 100/21.	
Endring i tal på medlemmer til stades:	
Varaordførar, Teikari og Halleraker tredde ut under behandling av spørsmål om inhabilitet i sak 115/21.	
Roynn L. Eidsvåg og Anne-Berit Stokka stilte som vara Under behandlinga av habilitetsspørsmålet.	
Til å skriva under møteboka blei valde:	Parti
Svein M. Lie	FRP
Kristina V. Ballard	SV
Til stades frå administrasjonen:	Tittel
Jostein Førre	Rådmann
Bjarte Stølås Storli	Politisk sekretær
Underskrifter:	Sign.:
Linn Therese Erve	
Svein Mathias Lie	
Kristina Våge Ballard	
Bjarte Stølås Storli	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
098/21	Godkjenning av innkalling og protokoll
099/21	Referat og meldingar
100/21	Orienteringar
101/21	Analyse av miljøet på skulevegen for elevar i Sveio kommune
102/21	Evaluering av ordning med kameraovervaking ved Sveio skule
103/21	Finansreglement Sveio kommune
104/21	Forskrift om godtgjersle til folkevalde
105/21	Framlegg – Prioritert handlingsprogram for idrett og friluftsliv 2022
106/21	Godkjenning av rettleiing til sonekart for spreidd avløp
107/21	Landbruksplan
108/21	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Forum for oppvekst i Sunnhordland
109/21	Prinsipielle/ikkje-prinsipielle saker
110/21	Status og plan for trafikksikringstiltak 2021–2022
111/21	Strategi for tilsyn og ulovleghetsoppfølging etter plan- og bygningslova for Sveio kommune 2022–2026
112/21	Temaplan – Leve heile livet
113/21	Tilsyn med utslepp frå avløpsanlegg innanfor kommunen sitt myndeområde
114/21	Trafikktryggleik ved skuleskyss i Sveio kommune
115/21	Val av driftsform for Ryvarden Kulturfyr - vegen vidare
116/21	Eigedomsskattevedtak 2022
117/21	Kommunale gebyr 2022
118/21	Budsjett 2022, økonomiplan 2022–2025
119/21	Anbodstekniske avklaringar vedrørande badeanlegg i Sveio
120/21	Mellombels delegering av mynde til formannskapet
121/21	Interpellasjon – Barnevernet
122/21	Interpellasjon – Kommuneplanen

108/21 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Forum for oppvekst i Sunnhordland

Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av KPMG sin rapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)» til orientering.

13.12.2021 Kommunestyret

Behandling

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som tilrådd av kontroll- og kvalitetsutvalet.

KOM - 108/21 Vedtak:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av KPMG sin rapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)» til orientering.

Sveio kommunestyret

121/21 Interpellasjon –Barnevernet

13.12.2021 Kommunestyret

Behandling

Svar frå ordførar:

Monica V. Valen har på vegne av Senterpartiet, Høgre og Krf har stilt spørsmål ved **korleis merknadane frå forvaltningsrevisjonen av barneverntenesta i 2019 er følgt opp.**

Merknadane i revisjonsrapporten vart svart opp med kommentarar og tilråding i november 2020. Ut frå den ser ein at tenesta har revidert aktuelle rutinar slik at dei påpeikte manglande er teke inn. Vidare at det var bestemt å tilføra tenesta 100% stilling som fagleiar. Stillinga vart besatt i august 2020. Dette siste har vore ein viktig føresetnad for arbeidet med å implementera dei oppdaterte rutinane. Både ved at ein naturleg nok har meir resursar til sakshandsaming, men også fordi har høve til å oppretthalde fokus på utvikling og haldningsarbeid. Både deler viktige faktorar for at rutinar skal etterfølgast.

Dei tilsette i tenesta får i dag systematisk kollegarettleiring av fagleiar. Hensikta med rettleiinga er mellom anna å følgje sakshandsamarar sitt arbeid tett for å sikre progresjon og at rutinar vert etterfølgd. Vår erfaring så langt er at ordninga vert opplevd som positiv av dei tilsette og at det bidreg til at rutinar vert etterlevd. Framover vil tenesta ha fokus på å betra systemet for avvikshandtering då me opplev at me ikkje har fått til ei tilfredsstillande ordning.

Vidare har kommunen lagt til rette for at fleire i tenesta har fått delteke på vidareutdanninger som er ein del av det nasjonale kompetanseløftet for tilsette i barneverntenester i Noreg. Barnevernleiar har gjennomført vidareutdanning i barnevernleiing i perioden 2019-2020. Utdanninga har bidrige til at barnevernleiar har fått auka kompetane innan leiing av barnevernteneta. Dette er viktig i ei tid der barneverntenesta står i ei reform som krev at tenesta omstiller seg. Ei tilsett har gjennomført vidareutdanning i relasjonsarbeid i 2020-2021 som er verdifullt for å sikra brukarmedverknad. Ei tilsett har nyleg starta på vidareutdanning i vurdering av barnets beste, noko som på sikt vil koma heile tenesta til nytte. Hensikta er å auka kvaliteten på vurderingane som vert gjort.

Forutan gjeldande merknader i revisjonsrapporten, gjer endra krav og utvikling i fagfeltet at tenesta kontinuerleg må halde seg orientert for å etterstreba beste praksis. Beste praksis er eit «ferskvare omgrep». Dei siste året har også Statsforvaltaren påpeika, etter mange tilsyn i ulike barneverntenester, at dokumentasjon av vurderingar underveis i undersøkingar er mangefull. Dette er ein risiko fordi ein risikera å miste retning i undersøkinga, at den vert for omfattande eller for snever. Eg vil difor til føya at tenesta har innført ny rutine for dokumentasjon av midtvegsevaluering i kvar enkelt undersøking. Rutina vert følgt særleg opp av fagleiar som har ansvar for å sette av tid til dette med ansvarleg sakshandsamar i den enkelte sak. Dette skal sikra at vurderingar underveis vert dokumentert og undersøkinga justert etter behov.

KOM - 121/21 Vedtak:

Interpellanten tok svaret til orientering.

Sveio kommunestyret

122/21 Interpellasjon –Kommuneplanen

13.12.2021 Kommunestyret

Behandling

1) Sveio kommune har hatt ledig stilling som samfunnplanleggjar sidan 1. oktober i år, noko som direkte har prega framdrifta i arbeidet med kommunedelplanen for Sveio sentrum (sentrumsplanen) men som òg indirekte fører til forseinking i arbeidet med rullering av kommuneplanen. Det er politisk prioritering av arbeidet med sentrumsplanen framfor å starta arbeidet med arealdelen til kommuneplanen (samfunnsdelen er førebels politisk vedteken i form av eit akseptvedtak i kommunestyret), og når sentrumsplanen blir forseinka forplantar dette seg til kommuneplanen.

8. desember takka Stine Lise Espeland ‘ja’ til stillinga som samfunnsplanleggjar/rådgjevar arealplanlegging i Sveio kommune. Dette er svært gledeleg, og me ser fram til å få ho med på laget frå og med 1. mars 2022. I første omgang i 60 % stilling då ho skal arbeida med masteroppgåva si fram mot sommaren – eit prosjekt der ho vil nyta seg av innsamla data frå Sveio kommune og på den måten få betre kjennskap til kommunen samstundes med at ho startar i ny jobb her. Innspela til arealdelen er innkomne og registrert, og det er såleis ei konkret oppgåve å byrja med for ny planmedarbeidar.

For å sikra god framdrift i arbeidet med særleg arealdelen til kommuneplanen (og planprosessar generelt) krevst det anten 1) fleire tilsette eller 2) auka bruk av konsulenttenester, der pkt. 2) auka bruk av konsulenttenester på kort sikt vil vera den mest aktuelle løysinga. Dersom framlegget til budsjett blir vedteke vil det anten rett før jul eller mest truleg like over nyttår bli teke initiativ til eit samarbeid mellom tidlegare samfunnsplanleggjar og ny for å gjera opp status i kommuneplanarbeidet så langt og i tillegg leggja ein plan for det vidare arbeidet.

Samstundes vil ein utarbeida eit grunnlag for ein anbodsprosess med tanke på å inngå rammeavtale på den teknisk krevjande delen av arbeidet som kommunen ikkje har spisskompetanse på (t.d. konsekvensutgreiing og teikning/utarbeiding av digitalt plankart). Til dette arbeidet kan løvvde midlar i 2021 nyttast (450'). For ytterlegare å leggja til rette for raskare framdrift kan det nyttast konsulentar på område som kommunen har kompetanse på, men dette vil då truleg krevja nye ekstraløyvingar. I prosessen med innhenting av anbod vil det vera føremålstenleg å ta med revisjon av overordna risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) for å sikra framdrift der òg sidan dette i stor grad heng saman med kommuneplanarbeidet. Ved rullering av planstrategien kan det vera føremålstenleg å vurdera å få vedteke ein strategi som legg opp til oftare/fast og mindre omfattande rullering av kommuneplanen, aller helst éin gong i kvar kommunestyreperiode straks planstrategien er vedteken.

Etter alt å døma vil arbeidet med kommuneplanen gradvis kunna takast opp igjen i februar/mars 2021. Detaljert framdrift etter denne tid er det vanskeleg å seia noko om, men det blir teke sikte på å ha planen klar for førstegongs offentleg ettersyn i løpet av hausten 2022. Etter den tid går prosessen sin gong, og målet må vera endeleg vedtak før sommaren 2023: ·

03/2022: Oppstart arealdel/plankart

10/2022: 1. gongs offentleg ettersyn (HTN -> FOR -> KOM + 6 veker)

03/2023: 2. gongs offentleg ettersyn (HTN -> FOR -> KOM + 6 veker) ·

06/2023: Endeleg vedtak + kunngjering (HTN -> FOR -> KOM)

2) Eksisterande kommuneplan er gjeldande sjølv om han er 10 år gammal. Omfang/bruk av dispensasjoner er nedfelt i pbl og er ikkje å sjå på som eit «kompenserande verkemiddel» på grunn av «gammal» plan. Alle saker framover vil bli handsama med utgangspunkt i gjeldande lovverk, planverk og evt. etablert dispensasjonspraksis (presedens). Sveio kommune skal jobba vidare med å vera ein «JA-kommune» ved at søkerar og forslagsstillarar blir tekne imot på ein positiv, lyttande og interessert måte. Det betyr likevel ikkje at det blir sagt 'ja' til alle søknader. Me må følgja lov og planar og tilpassa etter beste skjøn ut frå langsiktige ønskjemål og den samfunnsutviklinga som er. Samstundes skal initiativtakarar bli møtt med ein kommune som ser moglegheiter.

Kommuneplanen skal peika på ei langsiktig utvikling som lokalsamfunnet ved kommunestyret står samla bak, og ein slik plan bør ikkje gå så lett ut på dato. Planar og lover skal òg ta omsyn til mange andre interesser enn søkerane sine, og ein kan ikkje sjå at gjeldande kommuneplan er til hinder for ønskt utvikling og hindra folketalsutvikling og næringsutvikling.

Samstundes meiner ordførar at det er svært viktig at arbeidet med kommuneplanen no blir ferdigstilt, og at vidare framdrift som skissert i dette svaret vil legge til rette for det.

Fleire tok ordet i saka

Interpellanten tok svaret til orientering, og hadde følgande kommentar:

Arbeidet med arealdelen må halda fram med mål om at kommuneplanen skal vera ferdig i 2023. Arealdelen må bygga på akseptert samfunnsdel og skal utarbeidast etter vedtatt organisering. Framdriftsplanen må reviderast med milepælar, beslutningspunkt og korleis/kva tid det skal rapporterast til kommunestyret. Avvik i framdriftsplanen skal straks meldast til styringsgruppa.

Framlegg til vedtak frå Mikal M. Hovda (interpellanten):

Kommunestyret ber rådmannen gjera ei vurdering om det er råd å forenkla saksgangen ved dispensasjonssaker. Vurderinga blir lagt fram for HTN til 2. møteserie.

Røysting: Hovda sitt framlegg blei samrøystes vedtatt. KOM - 122/21 Vedtak:

KOM – 122/21 Vedtak:

